

Kommunedelplan for rv. 5 Erdal - Naustdal

FØRESEGNER

HØYRINGSUTKAST

Nasjonal arealplan-ID 464720200042

Dato / revisjon: sist revidert 01.06.2022

1. Formål

Kommunedelplanen skal avklare trasé med tilhørende anlegg for framtidig riksveg 5 mellom Erdal og Naustdal.

2. Generelle føresegner

2.1. Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

2.1.1. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for ny rv. 5 med tilhørende veganlegg og anleggsområde.

2.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-9 nr. 3.)

2.2.1. Ny hovudveg skal planleggast som to felts veg med utgangspunkt dimensjoneringsklasse H1. Veganleggets nøyaktige plassering og utstrekning skal fastsetjast i reguleringsplanen

2.3. Tilhøve som skal avklarast i vidare reguleringsarbeid (pbl-§ 11-9 nr. 8)

2.3.1. Rigg- marksikringsplan skal utarbeidast som del av reguleringsplanarbeidet. Retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442 skal leggast til grunn for arbeidet med reguleringsplan.

2.4. Krav om byggjegrænse, funksjonskrav m.m. (pbl § 11-9, nr.5)

2.4.1. Byggjegrænse er 50 m frå senterlinje av riksveg.

2.5. Andre generelle føresegner (pbl § 11-9 nr.1 til 8)

2.5.1. Generelle føresegner i kommuneplanen sin arealdel for Sunnfjord kommune, høvesvis kommuneplanen sin arealdel for Naustdal kommune 2003-2014 og kommuneplanen sin arealdel for Førde kommune 2018-2030, gjeld der det ikkje er motstrid med denne planen

2.5.2. Generelle føresegner i kommunedelplan for Naustdal sentrum gjeld der det ikkje er motstrid med denne planen

3. Føresegner til arealformål (Pbl §11-7) og omsynssoner (Pbl § 11-8)

3.1. Føresegner til arealformål og omsynssoner frå gjeldande overordna planar (pbl §11-10 og § 11-11).

For arealformål etter pbl § 11-7 og omsynssoner etter pbl § 11-8 gjeld føresegnene i kommuneplanen sin arealdel for Sunnfjord kommune, høvesvis kommuneplanen sin arealdel for Naustdal kommune 2003-2014 og kommuneplanen sin arealdel for Førde kommune 2018-2030, samt kommunedelplan for Naustdal sentrum, så langt dei ikkje er i motstrid med denne planen.

3.2. Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova (H710), (pbl. § 11-8 d)

Formålet med bandlegginga er å sikre areal for framtidig rv.5 med tilhøyrande veganlegg. Innanfor bandleggingssona H710 er det ikkje tillate med tiltak er i strid med formålet.

3.3. Faresone for kvikkleireskred (H310 rv.5)

Ved utarbeiding av reguleringsplan og byggesak innanfor omsynssona må tryggleik for område-skred dokumenterast, jf. krav i gjeldande teknisk forskrift med rettleiing.

4. Område med særskilte føresegner (føresegnssområde)

4.1. Etablering av ny badeplass (pbl. § 11-9 nr. 1)

I område merkt #rv5_1 i plankartet for KDP rv. 5 Erdal Naustdal skal ein i reguleringsplanen legge til rette for etablering av allment tilgjengeleg badeplass som erstatning for badestranda ved Erdal.